



VERDSARV

Vestnorsk fjordlandskap

Til

Møre og Romsdal fylkeskommune
Sogn og Fjordane fylkeskommune
Hordaland fylkeskommune
Fylkesmannen i Hordaland
Fylkesmannen i Sogn og Fjordane
Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Verdsarvkommunane

KULTURLANDSKAPET I VERDSARVEN VESTNORSK FJORDLANDSKAP – invitasjon til deltaking og søknad om finansiering av seminar om kulturlandskapsaka i Geiranger 15. mai

Verdsarvrådet for Vestnorsk fjordlandskap utfordrar til felles innsats for å styrke ivaretakinga av kulturlandskapet i verdsarvområdet og meiner det no er særskild viktig å få sett «kulturlandskapsaka» på dagsorden att. I dette rådet er både kommunar, fylkeskommunar og Fylkesmenn representerte. På siste rådsmøte i Valldal gjorde Verdsarvrådet vedtak der ein sterkt oppmoda Regjeringa om å styrke sjølvgåande landbruksverksemd kring verdsarvfjordane.

I vedtaket vert det mint om at

«I samband med innskrivinga av Vestnorsk fjordlandskap på verdsarvlista som Noreg sitt einaste naturarvområde, er det framheva at kulturlandskapet tilfører området ein kulturell dimensjon, som både utfyller og aukar verdien av verdsarvområdet. Eit sjølvgåande husdyrbasert landbruk er vesentleg for å oppretthalde denne statusen og soleis den einaste realistiske løysinga for å ta vare på kulturlandskapet i området. Eit levande landbruk er òg i mange høve avgjerande for vidare busetnad/ lokal samfunnsutvikling i grender og dalføre som verdsarven femner over.

Nærøyfjord- og Geirangerfjordområdet er, forsiktig sagt, eit svært attraktivt reisemål som årleg vert vitja av bortimot ein trekvart million gjester. Fjord- og fjellandskapet er i reiselivssamanheng Noreg sitt fremste fyrstårn. Vakre og maleriske bilete av verdsarvfjordane pregar internasjonale kampanjar i regi av både Innovasjon Norge og Fjord Norge.»

Leiarskapen i Verdsarvrådet har, saman med verdsarvkoordinatane i dei to delområda, arbeidd med korleis ein kan få sett kulturlandskapsaka på dagsorden og få politisk gjennomslag for ordningar som styrkar det sjølvgåande, småskala husdyrbaserte landbruket i området. Som eitt tiltak ynskjer vi å arrangere eit seminar der fagleg dyktige innleiarar set søkelys på ivaretakinga av kulturlandskapet og kva som kan vere moglege løysingar på utfordringane. Vi ser for oss eit dagsseminar i Geiranger, og tenkjer at dette bør avsluttast med ein paneldebatt der profilerte politikarar deltek.

Målsetjinga er i denne omgang å få nok mediefokus og politisk fokus på saka til at ho kjem på dagsorden i statlege politiske organ. Saka må vidare fylgjast opp dels gjennom vidare påtrykk for å auke dei økonomiske rammene til eksisterande ordningar, dels gjennom vidare utgreiinga og utprøving av nye modellar som kan betre rammevilkåra for å drive landbruk i verdsarvområdet med omland.

Kulturlandskapsaka omfattar sjølvstekt meir enn det som vert skjøtta gjennom aktiv landbruksdrift. Verdsarvrådet og VA-koordinatane er like opptekne av «det gamle kulturlandskapet», skjøtselen av areala kring fjordgardane og gamle seterstølar, ivaretakinga av det biologiske mangfaldet osv. Men vi

har erfart at saka er svært kompleks, og det vert svært vanskeleg å spisse ho og nå fram dersom vi skal femne om alle sider. Dette gjeld særskilt når ein skal nå fram overfor media. Alle utgreiingar peikar i tillegg på at det er aktiv, husdyrbasert landbruksdrift som er den langsiktige løysinga for å ivareta kulturlandskapet. I denne omgang meiner vi difor det er fornuftig å fokusere på den langsiktige landbruksdrifta. Vi understrekar likevel at rådet og koordinatane er fullt merksame på heilskapen i saka og at «alt heng saman med alt». Dette berre som bakgrunn for våre prioriteringar.

For å få ynskjeleg tyngde over eit slikt arrangement, ynskjer vi å ha med oss alle tre fylkeskommunar og Fylkesmenn som arrangørar. Dette er viktig både for å løfte saka mediemessig, gje fagleg tyngde, og for å få finansiering av møtet.

Vi legg ved eit førebels utkast til program for seminaret, samt eit budsjett med finansieringsplan.
Seminaret vert gjennomført måndag 15. mai på Hotel Union i Geiranger.

De er sjølvstilt velkomne til å komme med kommentarar og innspel til programmet.
For å få naudsynt framdrift, ber vi om snarlege tilbakemeldingar frå Dykk, og svar på denne søknaden seinast 20. april.

Vi ber om at svar vert sendt til sekretariatet for Vestnorsk Fjordlandskap ved Erling Oppheim erling@naroyfjorden.no.

For nærmare dialog kring saka, viser vi til dei to verdsarvkoordinatane for delområda, Erling Oppheim, Nærøyfjordområdet, og Merete Løvoll Rønneberg, Geirangerfjordområdet merete@verdsarvfjord.no

Aurland/Geiranger 27. mars 2017.

Med vennleg helsing

Hans Erik Ringkjøb
Leiar Verdsarvrådet

Jan Ove Tryggestad
Nestleiar Verdsarvrådet

Vedlegg

- Utkast til program for seminaret
- Budsjett og finansieringsplan